

# Sula kommune



Kommunedirektøren si årsmelding

2023

## Innheld

Innleiing ved kommunedirektør .....	2
Om årsmeldinga.....	3
Om rekneskapen.....	3
Tilhøve som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling .....	3
Viktige økonomiske moment.....	3
Resultat .....	4
Gjeld.....	7
Finansielle måltall .....	7
Likestilling og diskriminering .....	10
Tiltak for å sikre betryggande kontroll og høg etisk standard i kommunen. ....	11
Rekneskapsanalyse .....	13
Driftsrekneskap for 2023 .....	13
Organisasjon og utvikling .....	14
Kultur og oppvekst.....	15
Helse og mestring.....	18
Samfunn (teknisk sektor).....	22
Inntekter og utgifter i driftstrekkneskapet 2023 .....	24
Investeringsrekneskap for 2023 .....	28
Balanserekneskapen.....	30

## Innleiing ved kommunedirektør

Takk for innsatsen!

Eg vil takke dei tilsette for jobben dei gjer kvar dag for innbyggjarane i Sulasamfunnet. Våre tilsette er vår viktigaste ressurs. Deira samla kompetanse, og korleis vi nyttar denne, er avgjerande for at vi skal gje effektive tenester. Kommuneindeksen for 2023 syner at Sula kommune er på 21 plass blant Norge sine 357 kommunar når det gjeld effektiv drift. Effektiv drift betyr tenester med god kvalitet og låge kostnadars. Dette er viktig å ta med seg inn i arbeidet med å tilpasse tenestene for framtida. Vi kan vere stolte av det vi har fått til, men samtidig vere klar over at vi har utfordringar og forbettingsområde. Vi må stadig tilpasse oss endra behov dersom vi også i framtida skal vere effektive.

I 2023 var det kommuneval, og nytt kommunestyre og ny ordførar kom på plass.

Jim Arve Røssevold ( Ap) gjekk av etter 8 år som ordførar i Sula kommune, og Turid Humlen ( H) tok til i rolla som ny politisk leiar. Tidlegare i året hadde sittande kommunestyre arbeidd med å utgjere ny politisk struktur, og den nyt politiske organisasjonen vart valt og konstituert med bakgrunn i dette arbeidet.

I 2023 gjekk også kommunedirektøren Leon Aurdal av med pensjon, og ny kommunedirektør vart tilsett 1. oktober. Administrativ organisasjonsmodell var under arbeid dette året og ny modell var på plass frå august.

Med ny politiske og administrativ struktur og med ny politiske og administrativt leiarskap skal nye strategiar utarbeidast og ny kultur skapast. Dette arbeidet har vore ein viktig del av 2023 og stafettpinnen vart overlever på eit vis om har skapt ein god overgang.

Årsrapporten for 2023 vil ha hovudfokus på økonomi, samt dei andre formkrava ein årsrapport for ei kommune skal innehalde. I løpet av dei neste to åra vil årsrapporten få eit litt anna format der fleire målområde og måleindikatorar vil bli rapportert på. Bakgrunnen for dette er at vi no er i prosess med å utarbeide ny samfunnsplan og ein ny planstruktur. Vi har ein ambisjon om å utvikle årsrapporten til å bli eit godt verktøy for evaluering av mål og strategiar som politikarane vedtek i den nye samfunnsdelen, i tillegg til at den skal sikre korrekt årsrapportering knytt til dei økonomiske målområda. På denne måten kan årsrapporten nyttast som eit styringsverktøy der vi evaluerer resultat og peiker ut nye strategiar og tiltak der det er naudsynt.

I arbeidet med samfunnsdelen vert det utarbeida eit breitt kunnskapsgrunnlag som seier oss noko om Sula kommune som samfunn, og om tenestene våre. Saman med denne årsrapporten for 2023 gjev dette samla sette eit bilet av kvar vi er, og dermed ein grunnlag for videre arbeid med å definere mål (kvar vil vi) og strategiar (korleis skal vi kome oss dit)

Lenke til kunnskapsgrunnlag finn du her. (ytterlegare kunnskapsgrunnlag er under utarbeiding og vil bli presentert som ein del av samfunnsplanen)

[Fylkesstatistikk 2023 - Møre og Romsdal \(mrfylke.no\)](#)

[Kommunestatistikk \(mrfylke.no\)](#)

## **Om årsmeldinga:**

Årsrekneskap og årsmelding er avgjort etter kommunelova og forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner.

Etter kommunelova § 14-7 skal kommuner utarbeide årsmelding og den skal avgis seinast 31. mars. § 14-7 inneholder ei punktvis oversikt over det som årsmeldinga skal omtale.

## **Om rekneskapen:**

Kommunen fører rekneskapen sin etter eit finansielt orientert rekneskapssystem i tråd med forskrifter nedfelt i medhald av kommunelova. Kommunerekneskapen er arbeidskapitalorientert ettersom drifts- og investeringsrekneskapane viser all tilgang på og all bruk av midlar.

Arbeidskapitalen er lik differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Dette medfører at kommunerekneskapen seier noko om kommunen si evne til å dekke betalingsforpliktelsane på kort og lang sikt.

Det er i eit kommunerekneskap ikkje noko målsetting å bokføre store overskot. Ein kommune skal yte tenester til innbyggjarane og ta sikte på ein sunn kommuneøkonomi. Fokus må heile tida vere på å produsere dei rette tenestene til innbyggjarane på ein mest mogleg rasjonell måte.

## **Tilhøve som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling**

### **Viktige økonomiske moment:**

- Driftsutgiftene er 13,6 mill kroner høgare enn inntektene i 2023. For å sikre årleg økonomisk handlingsrom er det anbefalt eit netto positivt driftsresultat for Sula kommune på 14 mill kroner (avvik 28 mill kroner).
- I økonomiplanperioden 2024-2027 er det budsjettet med meirutgifter på 40 mill kroner, som blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond.
- Sula kommune har økonomisk handlingsrom i form av eit disposisjonsfond på 132 mill kroner. Dersom grep ikkje blir gjort blir dette redusert til 92 mill kroner i 2027. Økonomisk handlingsrom blir då redusert til under anbefalt nivå.
- Gjeldsgraden til Sula kommune er 119% av driftsinntektene. Landsgjennomsnittet er på 89%. Dette binder opp ein forholdsmessig stor andel av driftsbudsjettet i form av høge rente- og avdragsutgifter (i 2023 utgjorde dette 88 mill kroner).
- Sula kommune er ei kostnadseffektiv kommune (21. pass blant Norge sine 357 kommunar)
- Inntektsnivået til Sula kommune er lavt (blant dei 10 lavaste kommunane i landet)
- Skatteinntektene i Sula kommune utgjer 76,7% av landsgjennomsnittet. Etter inntektsutjamning er skatteinntektene på 94%. Dersom vi hadde hatt skatteinntekter lik landsgjennomsnittet hadde inntektene vore 22 mill kroner høgare

## **Resultat:**

Driftsrekneskapen for 2023 viser eit negativt netto driftsresultat på 13,6 mill kroner. Det var budsjettert med eit negativt driftsresultat på 16,1 mill kroner. Driftsresultatet er altså 2,5 mill kroner betre enn budsjettert. Taballen nedanfor forklarer budsjettavviket på 2,5 mill i 2023 på eit overordna nivå:

Område	Bud.avvik	Kommentar
Sektor Org. og utvikling	3 300 000	Skuldast i hovedsak at IKT har høgare utgifter enn budsjettert
Sektor Kultur og oppvekst	1 700 000	Skuldast i hovedsak meirforbruk på skulane. TBU og kultur har mindreforbruk
Sektor Helse og mestrings	8 700 000	Ress.kr. brukerar, innføring/overlapping Jetmundgarden, øk.sosialhjelp, Helseplattform
Sektor Samfunn	6 700 000	I hovedsak kommunal veg og VAR som er over budsjett
Frie inntekter	-4 300 000	Skatteinntekter 8 mill under budsjett, inntektsutjavning 12 mill over budsjett
Integreringstilskot flyktning	-5 200 000	Integreringstilskot høgare enn budsjettert
Renteinntekt og avkastning	-18 000 000	Renteinntekter og avkastning på fondsplasseringer (14,6% avkastning) over budsjett.
Renteutgifter	4 300 000	Høgare renteutgifter enn budsjettert
Andre avvik	300 000	Sum av andre budsjettavvik (nokon positive, andre negative - går i stor grad mot kvarandre)
<b>SUM budsjettavvik</b>	<b>-2 500 000</b>	<b>Driftsresultat er 2,5 mill betre enn budsjettert</b>

I 2022 var driftsresultatet positivt med 18,8 mill kroner. Driftsresultatet er altså 32,4 mill kroner därlegare i 2023 enn i 2022. Ei hovudforklaring på dette er at frie inntekter (rammetilskot, skatteinntekter og inntektsutjamning) blei veldig mykje høgare enn forventa i 2022 (dette gjaldt nasjonalt, ikkje berre for Sula). Fri inntekter var 37,1 mill kroner høgare enn budsjettert i 2022. I 2023 er frie inntekter 4,3 mill kroner høgare enn budsjettert.

For 2024 har vi budsjettert med ei negativt netto driftsresultat på 11,1 mill kroner. Dette er på nivå med rekneskap for 2023. Vi har altså ei utfordring med at driftsutgiftene er for høge samanlikna med inntektene.

Nedanfor kjem eit avsnitt til kvar av hovudforklaringane til budsjettavvik i 2023 (ref. tabell på ovanfor):

## **Organisasjon og utvikling**

Organisasjon og utvikling hadde i 2023 eit meirforbruk på netto driftsresultat (brukt meir enn budsjettert) på 3,3 mill. Dette kan i hovudsak forklaraast av meirforbruk på 3,4 mill på eining for IKT. Hovudforklaringa på meirforbruk på IKT er økte utgifter til eKommune Sunnmøre samanlikna med 2022, innkjøp av nye PCar og telefonar som måtte oppgraderast i forbindelse med innføring av Helseplattformen, og utgifter til teknisk hjelpemiddelservice (oppgåvane er flytta frå eigedom og helse, og over til IKT, men budsjettet er ikkje flytta før i 2024).

## **Kultur og oppvekst**

Kultur og oppvekst hadde i 2023 eit meirforbruk på netto driftsresultat på 1,7 mill. Meirforbruk skuldast i hovudsak at skulane har brukt ca 5 mill meir enn budsjettert. Det som dreg ned meirforbruket er at eining for TBU (tiltak for barn og unge) og eining for kultur har brukt mindre enn budsjettert. Skulane har dei siste åra hatt utfordringar med å halde budsjett. Meirforbruk på skulane i 2022 var på 9,3 mill. Det som i hovudsak forklarar meirforbruket på skulane er at lønnsutgiftene er høgare enn budsjettert. I 2023 bevilga kommunestyret rammeauke for skulane. Det forklarer deler av nedgangen i meirforbruk frå 2022 til 2023.

## Helse og mestring

Helse og mestring hadde i 2023 eit meirfro bruk på netto driftsresultat på 8,7 mill. Inkludert i dette beløpet er refusjon for ressurskrevjande brukarar som blei høgare enn budsjettet.

Utgifter til ressurskrevjande brukarar er likevel ein del av forklaringa på meirforbruket. Det er fordi refusjonen frå staten ikkje dekker alle utgiftene. Andre forklaringar på meirforbruk er:

- Meirutgifter knytt til opplæring av nytilsette på Jetmundgarden (nytt bygg, tatt i bruk i januar 2023), samt overlappande tenester knytt til enkelte av brukarane. Avtale med ekstern leverandør blei forlenga i ein periode på fire månader.
- Økonomisk sosialhjelp: Utbetaling av økonomisk sosialhjelp (NAV) var i 2023 1,4 mill høgare enn budsjettet.
- Helseplattform: I Helse og mestring er det utgiftsført 3,4 mill med prosjektode for Helseplattformen. Dette gjeld f.eks utgifter til prosjektleiar for innføring, utgifter til ekstrahjelp og utgifter til overtid. Helseplattformen blei tatt i bruk i november 2023. Budsjetterte utgifter til Helseplattformen var på 1,2 mill i 2023.

## Samfunn (teknisk sektor)

Samfunn, ekslusiv VAR (vatn, avløp, renovaasjon, feiring, slam) hadde i 2023 eit meirforbruk på 1,1 mill på netto driftsresultat. Enkelte einingar har meirforbruk og andre har mindreforbruk. Totalt sett går meir- og mindreforbruken i stor grad mot kvarandre.

Hovudforklaringa på at det totalt sett er eit meirforbruk er område for kommunal veg der kostnadane er høgare enn budsjettet.

VAR har eit meirforbruk på 5,5 mill på netto driftsresultat, men når vi inkluderer fondstransaksjoner er VAR ca som budsjettet. Dette skuldast at meirforbruk på drift medfører lavere avsetning til fond / økt bruk av fond.

## «Sentrale poster» (for heile kommunen, ikkje er knytt til spesifikk sektor)

Område	Bud.avvik	Kommentar
Frie inntekter	-4 300 000	Skatteinntekter 8 mill under budsjett, inntektsutjavning 12 mill over budsjett
Integreringstilskot flyktning	-5 200 000	Integreringstilskot høgare enn budsjettet
Renteinntekt og avkastning	-18 000 000	Renteinntekter og avkastning på fondsplasseringer (14,6% avkastning) over budsjett.
Renteutgifter	4 300 000	Høgare renteutgifter enn budsjettet
Andre avvik	300 000	Sum av andre budsjettavvik (nokon positive, andre negative - går i stor grad mot kvarandre)
<b>SUM</b>	<b>-22 900 000</b>	

Hovudforklaringa på at driftsresultatet frå "sentrale" poster er 22,9 mill betre enn budsjettet er at renteinntekt frå bank og avkastning frå pengemarknadsfond og langsiktige plasseringar samla sett blei 18 mill betre enn budsjettet. Den største bidragsytaen til dette er aksje og obligasjonsfond som hadde ei avkastning på 12,2 mill i 2023 (14,6%).

Som det framgår av tabellen over så er frie inntekter høgare enn budsjettet. Dette på tross av at skatteinntene i Sula var lavere enn budsjettet. Dette har å gjøre med inntektssystemet. Sula kommune har inntekter som er under landsgjennomsnitt (skatteinntekter på 76,7% av landsgjennomsnittet i 2023). Inntektssystemet gir oss inntektsutjamning for å kompensere for forskjellen mellom skatteinntekt i eiga kommune og gjennomsnittleg skatteinntekt per innbyggjar på landsbasis. Gjennomsnittleg skattenivå på landsbasis blei høgare enn forventa.

Dette medfører at inntektsutjamninga blir høgare enn forventa. Tabellen nedanfor spesifiserer dei frie inntektene for 2023:


Frie inntekter 2023	Regnskap	Budsjett	Differanse
Skatteinntekter	283 294 120	291 250 000	-7 955 880
Inntektsutjevning	64 140 931	52 400 000	11 740 931
Rammetilskot	317 857 000	317 300 000	557 000
<b>SUM</b>	<b>665 292 051</b>	<b>660 950 000</b>	<b>4 342 051</b>

Renteutgiftene på lånegjeld blei 4,3 mill høgare enn budsjettet. Årsaken er at rentenivået er høgare enn det som blei lagt til grunn i budsjettet. Tabellen nedanfor viser utvikling i gjennomsnittleg rente på vår låneportefølje gjennom året:

	01.01.2023	30.04.2023	31.08.2023	31.12.2023
Gjennomsnittlig rente	2,62 %	2,84 %	3,28 %	3,58 %

Budsjettavvika er forklart i meir detalj i kapitelet «Regnskapsanalyse»

Grafen nedanfor viser netto driftsresultat for perioden 2018-2023, samt det som ligg budsjettet dei fire neste åra i økonomiplanperioden.



Får å ha ein sunn økonomi og for å bygge opp tilstrekkelig med midler til bruk på investeringar så anbefaler TBU (Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi) eit netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene på 1,75%. Kommunestyret i Sula kommune har vedtatt eit måltal på 1,5%, som er i nærheten av det anbefalte målet.


Måltallet blei nådd i 2021 og 2022. 2021 var eit spesielt år med tanke på at skatteinntektene blei vesentleg høgare enn budsjettet. 2021 bidrog også positivt på resultatet i 2022 i form av restskatt og korreksjonsoppkjør. Dei høge skatteinntektene i 2021 og 2022 samanlikna med budsjettet var ein nasjonal trend. Dette gjaldt altså ikkje berre Sula kommune.

I 2018, 2020 og 2023 har vi hatt negativt netto driftsresultat. I økonomiplanen for 2024-2027 er det budsjettet med negativt driftsresultat som er omrent på nivå med regnskapsført resultat for 2023.

For 2023 måtte vi ha hatt eit positivt netto driftsresultat på 14,2 mill dersom vi skulle ha nådd finansielt måltal på 1,5% av driftsinntektene. Driftsresultatet i 2023 er 27,8 mill därlegare enn dette.

### **Gjeld:**

Lånegjelda har auka dei siste åra og vil fortsette å auke i åra framover:



Som det framgår av grafen ovanfor så har låna knytt til sjølvkostområde og lån med rentekompensasjon vore ganske stabil dei siste åra. Lån til andre investeringar har auka. Dette skuldast store prosjekter vi har hatt dei siste åra. Dei største er Rørstadmarka skule (inkludert gang og sykkelveg), samt Jetmundgarden. Iht økonomiplan 2024-2027 vil låneutviklinga endre seg samanlikna med tidlegare. Lån til investeringar utanom sjølvkostmrådet vil flate ut, medan det blir ei stor auke på lån knytt til sjølvkost. Dette er på grunn av investering i nytt avløpsrenseanlegg. VAR sin andel av totalt lån til investeringar var i 2023 på 23%. I følgje økonomiplan for 2024-2027 er denne prosenten forventa å auke til 44% i 2027.

### **Finansielle måltall:**

Eit av dei grunnleggande krava til økonomiforvaltning i kommunelova er at kommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid, ref kommunelova § 14-1. I kommunelova § 14-2 er det krav om at kommunestyret skal vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunens økonomi. Dei finansielle måltala gir ein indikasjon på økonomisk handlingsrom.

Kommunestyret i Sula kommune vedtok i møte den 30.11.2023 (sak 066/23) følgande finansielle måltal for Sula kommune:

*Sula kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretake over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal:*

- *Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,5 % av brutto driftsinntekter.*
- *Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.*
- *Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og 100 % innan 2035*

Tabellen nedanfor viser dei finansielle måltala for Sula kommune i perioden 2019 -2023. Med tanke på samanlikning har vi også tatt med Ålesund kommune, gjennomsnitt Møre og Romsdal, gjennomsnitt landet og gjennomsnitt for kostraggruppe 1. Kommuner i kostraggruppe 1 er kommuner med mellom 2000 og 9999 innbyggere, lave kostader og lave inntekter.

Sula kommune 2019 - 2023	Beløp	Måltal Sula kommune	Ålesund kommune	Møre og Romsdal	Landet	Kostraggruppe 1
Netto driftsresultat 2023	-13 631 200	-1,4 %	2,5 %	0,2 %	0,7 %	-0,9 %
Disposisjonsfond 2023	131 793 610	14,0 %	1,8 %	9,1 %	13,3 %	10,4 %
Netto lånegjeld 2023	1 125 501 158	119,2 %	110,2 %	111,4 %	88,9 %	94,4 %
Netto driftsresultat 2022	18 760 642	2,1 %	2,9 %	1,9 %	3,0 %	1,6 %
Disposisjonsfond 2022	145 400 366	16,3 %	2,0 %	10,1 %	14,7 %	12,0 %
Netto lånegjeld 2022	1 112 221 028	124,4 %	104,3 %	112,4 %	88,1 %	96,5 %
Netto driftsresultat 2021	32 089 880	3,8 %	0,4 %	1,8 %	4,3 %	3,6 %
Disposisjonsfond 2021	125 197 074	14,8 %	0,3 %	8,9 %	13,5 %	11,3 %
Netto lånegjeld 2021	1 000 251 266	117,9 %	101,5 %	112,2 %	87,3 %	96,2 %
Netto driftsresultat 2020	-3 807 858	-0,5 %	-1,7 %	1,0 %	2,7 %	0,9 %
Disposisjonsfond 2020	99 357 401	12,7 %	0,9 %	8,0 %	11,7 %	9,6 %
Netto lånegjeld 2020	910 614 723	116,5 %	102,4 %	110,8 %	89,1 %	97,6 %
Netto driftsresultat 2019	4 693 730	0,7 %	-2,5 %	-0,7 %	1,9 %	0,3 %
Disposisjonsfond 2019	84 807 153	11,2 %	1,9 %	7,7 %	10,7 %	8,7 %
Netto lånegjeld 2019	917 588 895	118,8 %	100,0 %	108,8 %	85,4 %	94,3 %

(Kjelde: Framsikt Analyse. Basert på foreløpige Kostra-tal pr 15.04.24)

Av tabellen over så ser vi at både Sula kommune og dei andre vi har samanlikna oss med, har dårlegare netto driftsresultat i 2023 enn i 2022. Kostraggruppe 1 (som Sula kommune tilhører) har eit negativt netto driftsresultat på -0,9%. Dette er litt betre enn Sula kommune. Dersom Sula kommune hadde hatt eit netto driftsresultat som var 5 mill betre i 2023 enn det resultatet blei, hadde vi hatt eit måltall som var likt som kostraggruppe 1. Ei forklaring på kvifor Sula kommune har eit dårlegare resultat kan vere at netto lånegjeld er høgare i Sula. Dette gir høgare renteutgifter og dermed dårlegare driftsresultat.

Netto driftsresultat, disposisjonsfond og netto lånegjeld er måltall som ofte blir brukt i kommunal sektor. Nedanfor kjem ei forklaring til kva som inngår i dei tre måltala.

**Netto driftsresultat:** Netto driftsresultat består av løpende inntekter fratrukket løpende ugifter. Nøkkeltalet måler om kommunen si drift går i balanse. Eit positivt netto driftsresultat gir økt handlingsrom i budsjettåret.

**Disposisjonsfond:** Disposisjonsfondet er avsetningar som kommunestyret kan disponere fritt. Midlar på disposisjonsfond stammar frå tidlegare års overskot. Eit disposisjonsfond av ein viss størrelse muliggjør tiltak i økonomiplanperioden. Midlane er i tillegg ein buffer mot

uføresette kostnader eller inntektssvikt. Nivået på disposisjonsfondet til Sula kommune er bra og gjer at kommunen fortsatt har handlingsrom. Disposisjonsfondet blei redusert med 13,6 mill i 2023. I økonomiplanperioden 2024-2027 er det budsjettet bruk av disposisjonsfond på 40 mill. Dersom dette blir ein realitet vil disposisjonsfondet bli redusert frå 131,8 mill i 2023 til 91,8 mill i 2027 (måltal på 9,7% forutsatt like driftsinntekter som i 2023).

**Netto lånegjeld:** Netto lånegjeld er total lånegjeld fråtrukke vidareutlån og ubrukte lå nemidlar. Sula kommune si netto lånegjeld er på 119% av driftsinntektene. Dette er høgare enn gjennomsnittet i Møre og Romsdal, gjennomsnitt i landet og gjennomsnitt i Kostragruppe 1. Høg netto lånegjeld gir redusert handlingsrom. Dette fordi kostnader knytt til renter og avdrag bind opp ein stor andel av økonomien.

## **Likestilling og diskriminering**

Kommunelova § 14-7 seier følgjande: *Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for hva kommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskriminerinsloven § 26*

Av tiltak som er sett i verk frå kommunen kan det nemnast:

- *Likestilling mellom kjønna*

Ved kunngjering av ledige stillingar vert underrepresentert kjønn oppmoda om å søkje der det er aktuelt.

Hausten 2023 fekk Sula kommune både kvinneleg kommunedirektør og kvinneleg ordførar.

- *Likestilling pga. etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn*

Eit av hovudmåla i kommuneplanen er å etablere eit harmonisk mangfald ved inkludering av fleirkulturelle folkegrupper. Eit tiltak er kommunens barnehagar som via NAV-systemet har tatt inn personar i arbeidstrening - fordi dei treng språktraining/opplæring.

- *Likestilling uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne.*

Det er krav om universell utforming ved oppføring av kommunale bygg.

Figur: Kvinneandel i leiarstillingar og i kommunestyret

Kvinneandel i Sula kommune (org)	2023	2022	2021	2020	2019	2018
Leiande stillingar	67,0 %	60,0 %	60,0 %	60,0 %	68,0 %	65,0 %
Kvinneandel i kommunestyret	34,5 %	44,8 %	44,8 %	44,8 %	44,8 %	37,9 %

Det er forøvrig ikkje krav til kjønnskvottering i kommunestyret, berre i formannskap og andre folkevalde organ.

### Heiltidskultur, deltidstilsette og ufrivillig deltid.

Sula kommune har ein kvinneandel på 81 %. Av desse er over halvparten i deltidsstillingar.

Sula kommune jobbar mot å etablere ein heiltidskultur, og arbeider kontinuerleg med å redusere andelen av ufrivillig deltidstilsette.

Ei av utfordringane er at mange ønskjer deltidsarbeide.

Rettane for deltidstilsette er blitt forbetra dei seinare år, noko som er med på å gjøre det enklare for deltidstilsette å legge fram krav om heile stillingar. Kommunen pliktar etter tre års tilsetting i vikariat, å tilby heil stilling, men er ikkje pliktig å tilby dette i same avdeling.

I helsesektoren blir det også arbeidd strategisk med å endre turnus-/skiftplanar for å etablere heile stillingar.

## Sjukefråver

Sjukefråveret dei siste fem åra for Sula kommune:

År	2019	2020	2021	2022	2023
Posent	9,29 %	9,79 %	9,13 %	9,37 %	8,65 %

Både einingsleiarane og toppleiringa i kommunen følger godt med på sjukefråveret.

Sjukefråveret har gått litt ned i 2023, noko som er gledeleg. Nokre einingar har ein betydeleg reduksjon av sjukefråværet etter strategisk førebyggjande arbeid. Totalt sett i kommunen er sjukefråværet likevel relativt høgt og det er grunnlag for å arbeide vidare med oppfølging av sjukmeldte og nærværarsarbeidet.

## **Tiltak for å sikre betryggande kontroll og høg etisk standard i kommunen.**

Økonomireglementet blei revidert og oppdatert i forhold til økonomibestemmelserne i ny kommunelov gjeldande frå 01.01.2020. Økonomireglementet blei vedtatt i kommunestyret 25.3.2021 (sak 21/21).

Etiske retningslinjer, innkjøpspolitikk og hovudprinsipp for eigarstrategi vart revidert og vedtatt i kommunestyret 25.3.2021 (sak 21/21).

Finansreglement vart revidert og vedtatt i kommunestyret 20.10.21 (sak 89/21). Vi har tertialvise finansrapporteringar.

Vi har ei tett og god oppfølging av driftseiningane. Rekneskapet vert analysert kvar månad av kommunalsjefar og einingsleiarar. I tillegg vert ei grundigare analyse gjennomført i tilknytning til tertial rapporteringane. Rapportprogrammet BI er også svært nyttig og gir til ein kvar tid oppdatert informasjon om m.a. økonomi og fråvær.

### **Internkontroll 2023:**

Kommunen må kunne dokumentere at dei lovpålagte tenestene blir handtert forsvarleg. I dette ligg at saksbehandlinga er etterprøvbar, likeverdig og transparent.

Det er viktig at kommunen har gode system og rutinar for å sikre forsvarlege tenester. Sula kommune sitt kvalitetssystem Risk Manager er under utfasing, og skal implementerast i SIKRI si løysing Samsvar. Sikri Samsvar vil være på plass i løpet av andre kvartal i 2024. Det vil då prioriterast revisjon, oppdatering og utfasing av samtlige overordna prosedyrer og rutiner.

Mangelen på etterleving og eller hendingar som bryt med prosedyrar/retningsliner, blir registrert som avvik. I 2023 vart det meldt inn og behandla 626 slike avvik gjennom Risk Manager.

Avviksregistrering og handtering av dette er ein viktig del av internkontrollarbeidet i kommunen.

I 2023 var det registrert 626 avvik i kommunen, fordelt på desse kategoriene:

År:	2023
Forbetringsforslag	1
Helseforetak - samhandlingsavvik	7
HMT (Helse Miljø Tryggleik)	405
IKT	22
Informasjonstryggleik/personvern	5
Intern varsling	44
Legemiddelavvik	34
Tenestekvalitet	108
<b>Totalt</b>	<b>626</b>

*Ref: Risk Manager*

Talet på innmelde avvik er aukande. Dette ser Sula kommune på som positivt då vi ynskjer ein meldekultur der kontinuerleg forbettingsarbeid er i fokus.

Det er HMT og legemiddelavvik som utgjer størstedelen av avvika. Her må det understrekast at hendingar/forhold som *kan føre til* avvik også inngår i desse meldingane. Også melding om *manglende avvikla pause* utgjer ein betydeleg del av avvika. Vi ser føre oss at ein betydeleg del av avvika kunne vore meldt som forbetringsforslag. Vi vil jobbe vidare med kulturen for melding av avvik, då helst mot ei dreiling mot forbetting og forbettingsforslag. Vi vil også jobbe vidare med korrekt plassering av avvika, at dei meldast inn under rett kategori. Dette for ein sikrare kvalitet på rapportering for 2024.

Kommunen har pr. 2023 ikkje eit fullgodt system for *ekstern varsling*. Det vert prioritert å få på plass dette på kommunen si heimeside tidleg i 2024.

## **Rekneskapsanalyse**

I kommunelova § 14-7 bokstav b framgår det at årsmeldinga skal redegjøre for vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskapet, samt vesentlige avvik frå kummunestyrets premisser for bruken av bevilgningane.

Kommunestyret bevilger netto budsjettrammer både for drift og investering. Premissane for bevilgning av budsjettramme for drift er først og fremst av økonomisk karakter, dvs at sektorane skal halde seg innanfor si budsjettramme.

Når det gjeld bevilgning av rammer til investering er det ein økonomisk premiss i form av at investeringsprosjekta ikkje skal koste meir enn budsjettet. I tillegg ein premiss knytt til gjennomføring av investeringsprosjekta sett opp mot totalt bevilga beløp til investering.

I kapitelet «Driftsrekneskap for 2023» blir budsjettavvik kommentert både på overordna nivå og på detaljert nivå per eining.

I kapitelet «Investeringsrekneskap for 2023» blir budsjettavvika kommentert per sektor. Budsjettavvika kjem i hovudsak av at gjennomføring av investeringsprosjekta har blitt forsinka eller utsatt. Investeringsprosjekta som utgjer dei største avvika blir spesifisert.

## **Driftsrekneskap for 2023**

Driftsrekneskapet for 2023 er avlagt i balanse. Det vil sei at resultatet av inntekter, utgifter og interne finanstransaksjoner (bruk av og avsetning til fond) er null.

Netto driftsresultat i 2023 er negativt med 13,6 mill kroner. Dette er 2,5 mill kroner betre enn budsjettet.

Forskjellen mellom avlagt regnskap i balanse og netto driftsresultat er dei interne fondstransaksjonane (bruk/avsetning av bundne og ubundne fond).

Budsjettavvik på overordna nivå blei forklart i kapitelet «Tilhøve som er viktige for å vurdere kommunen sin økonomiske stilling».

Nedanfor følger ein meir detaljert gjennomgang av budsjettavvika. Her blir budsjettavvik på kvar sektor og kvar eining kommentert. Budsjettavvika som framgår av tabellane nedanfor er budsjettavvik inkludert fondstransaksjonar. For dei fleste områder, bortsett frå VAR, er budsjettavvik på netto driftsresultat ganske likt som budsjettavvik når vi ser på tala inkludert fondstransaksjonar. Dette er fordi det er på VAR at vi finn dei største transaksjonane mot bundne fond. VAR skal over tid gå i balanse. Det vil sei at eventuelle overskot frå eit år settast av på bundne fond til bruk dei påfølgande åra. Ved underskot blir det brukt av fond for dekke årets underskot (eventuelt ført som framførbart underskot dersom fondet er brukt opp).

## Organisasjon og utvikling

Organisasjon og utvikling har meirforbruk i 2023 på 3,1 mill. kroner.

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	ORG. OG UTVIKLING	64 020 936	60 881 878	3 139 056	Meirforbruk på 3,1 mill for Organisasjon og utvikling. Totalt meirforbruk kan i hovedsak forklaast av meirforbruk på IKT
	POLITISK UTVAL	7 151 926	6 047 486	1 104 440	Meirforbruk på 1,1 mill. I hovedsak knytt til ansvar for politisk styring
11010	POLITISK STYRING	4 254 370	3 457 650	796 720	Meirforbruk er knytt til innkjøp av utstyr (blant anna mikrofoner/høgtalere til møtelokale), kursutgifter, samt lønnsutgifter (blant anna pga etterlønn til tidligere ordfører).
11020	VAL	497 814	550 000	-52 186	Utgifer litt lavere enn budsjettet
11030	REVISJON, KONTR.UTVAL	1 276 930	1 158 952	117 978	Meirforbruk på ca 100.000kr. I 2022 var det meirforbruk på ca 200.000kr. I budsjett for 2024 er det lagt inn ei auke i budsjett (tiltak) på 260.000kr. Det var etter budsjettet tilråding frå Sula kontrollval.
11040	ELDRERÅD	21 061	76 915	-55 854	Mindreforbruk skuldaist mindre møtegodtjersle enn budsjettet. Det var også eit lite mindreforbruk på desse ansvara i 2022. I budsjett for 2024 er budsjett for begge ansvara nedjustert med 20.000kr.
11050	RÅD FOR FUNK. HEMMA	20 451	71 974	-51 523	Meirforbruk er knytt til innkjøp av beredskapslager for smittevernustyr (smittefrakkar, antibac og eingangshanskar). Kommunene har fått pålegg frå sentralt hold om å ha eit lokalt beredskapslager. Korleis dette blir framover er ikkje avklart enda.
11060	SIVILFORSVAR	556 300	87 550	468 750	Mindreforbruk skuldaist utbrukte midler til formanskaps disposisjon. Formanskapet hadde opprinnelig 300.000kr til sin disposisjon i budsjettet. Desse midlane blei brukt. I K-38/23 vedtok kommunestyret å auke ramma med ytterlegare 400.000kr. Av desse midlane er ca 100.000kr ubrukt. Midlane i 2023 har blitt brukt til: * Støtte til Langevåg IL (bru ved Vassetvatnet) 100.000kr. * Tilskot til Søre Sula Vel på 200.000kr i forbindelse med at dei kjøpte gamleskulen på Sulebust for kr. 1. * «Gavesalg» på 100.000kr for gamleskulen på Sulebust. Skulen blei gitt gratis (1kr), medan verdivurdering på eigedomen var 100.000kr. 100.000kr blei derfor bokført som tilskot i driftsregnskapet og salgsinntekt i investeringsregnskapet. * «Gavesalg» på 90.000kr for eigedom gitt til Sula Sportsklubb (1kr). Verdivurdering viste 90.000kr. 90.000kr blei derfor bokført som tilskot i driftsregnskapet og salgsinntekt i investeringsregnskapet. * 100.000kr til finansiering av tre stemmekretsar under kommunestyre og fylkesvalet i 2023.
11070	TIL FORMANNSKAPET SIN DISP.	525 000	644 445	-119 445	
	KOMMUNEDIR. M/STAB	50 096 360	48 276 158	1 820 200	Meirforbruk på 1,8 mill kjem i hovedsak av område IKT.
11210	KOMMUNEDIREKTØR	2 541 453	2 963 641	-422 188	Mindreforbruket kan forklaast med budsjetterte midler til tiltak for eigedomsutvikling og organisasjonsutvikling. Desse budsjettetmidlane blei ikkje fullt ut brukt.
11220	ØKONOMIAVDELINGA	8 249 298	8 013 308	235 990	Økonomavelinga har eit meirforbruk på ca 235.000. I 2022 var meirforbruket på 440.000kr. Meirforbruket i 2023 kjem av at lønnsutgiftene er over budsjett og at inntektene er lavere enn budsjettet. Meirforbruk på lønn kan forklaast med auke i stillingar på 0,2 årsverk, utan økte budsjettmidler. Budsjettavvik på inntekter kan forklaast med at vi har lavere inntekter/gebyrer enn tidlegare år som følgje av at vi ikkje lenger har gebyrinntekter frå innkrevjing. Intrum har tatt over dette arbeidet.
11230	STØTTTESTAB	10 480 676	10 428 508	52 168	Ca som budsjettet
11233	HOVUDSTILLITSVALDE	1 645 357	1 581 873	63 484	Ca som budsjettet

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
11240	SERVICEKONTORET	6 257 481	7 723 258	-1 465 778	Servicekontoret har eit mindreforbruk på nesten 1,5 mill. Det kjem av at lønnsutgifter inkludert sjukepengerefusjon er ca 1 mill under budsjett, andre driftsutgifter er ca 300.000kr under budsjett, og inntekter (fakturering meglerpakke/eigedomsinformasjon) er ca 100.000kr over budsjett. Nokre av forklaringane til at lønnsutgiftene er under budsjett er sjukefråver/sjukepengerefusjon, samt at deler av lønnsutgiftene er ompostert til VAR-området pga at det er der tenesten ytes. På driftsutgiftene er det mindreforbruk på mange enkelposter som til saman gir mindreforbruket på 300.000kr. Blant anna er telefonstøtter under budsjett. Tidlegare var det servicekontoret som betalte for alle fasttelefonane på rådhuset. No er det ikkje fasttelefonar lenger. Einingane blir belaste for utgiftene med telefon.
11241	IKT	17 176 110	17 565 570	-389 461	For IKT er det eit samla meirforbruk på 3,4 mill. Hovedforklaringa på meirforbruk på IKT skuldast økte utgifter til eKommune Sunnmøre samanlikna med 2022 (0,7 mill høgare), innkjøp av nye PCar og telefonar som måtte oppgraderast i forbindelse med innføring av Helseplattformen (ca 1 mill), og utgifter til teknisk hjelpemiddelservice (ca 0,5 mill). Oppgåver knytt til teknisk hjelpemiddelservice er flytta frå eigedom og helse, og over til IKT, men budsjettet er ikkje flytta før i 2024.
11245	VELFERDSTEK. (IKT)	3 286 982	0	3 286 982	Sjå kommentar over (ansvar 11241)
11247	TEKNISK HJELPEMIDDEL	459 003	0	459 003	Sjå kommentar over (ansvar 11241)
	<b>OVERF. TRUSAMFUNN</b>	<b>6 772 650</b>	<b>6 558 234</b>	<b>214 416</b>	<b>Meirforbruk på 0,2 mill</b>
11410	OVERF. TIL SOKNERÅDET	5 512 151	5 634 000	-121 849	Mindreforbruk skuldast at utgifter knytt til maling av Indre Sula kyrkje ikkje blei så høge som budsjettet.
11411	TENESTEYTING KYRKJE	351 184	269 250	81 934	Meirforbruk kjem av at det er bokført høgare utgifter knytt til regnskapstenester enn det som var budsjettet
11430	GRAVSTADER	909 315	654 984	254 331	Kostnadsføring består i stor grad av belastning av lønnsutgifter (basert på timeføring). Ugift er høgare enn budsjettet.

## Kultur og oppvekst

Kultur og oppvekst har eit meirforbruk i 2023 på 3,1 mill. kroner (-0,3 kultur, +3,4 oppvekst)

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	<b>KULTUR</b>	<b>12 037 079</b>	<b>12 296 027</b>	<b>-258 947</b>	<b>Mindreforbruk på 259.000kr. Ingen spesielle postar som skil seg ut, men det er litt mindreforbruk på dei fleste ansvarsområda som til saman gjer til at mindreforbruket totalt sett blir 259.000kr</b>
41010	KULTURUTVALET	123 806	158 747	-34 941	Ca på budsjett. Mindreforbruk skuldast lavere utgiftsført møtegodtgjersle enn budsjettet.
41020	KULTURKONTORET	1 286 350	1 381 101	-94 751	Mindreforbruket kjem av at lønnsutgiftene er ca 40.000kr under budsjett, og at andre driftsutgifter er ca 50.000kr under budsjett. Posten under andre driftsutgifter som bidreg mest til mindreforbruket er kjøp av andre tenester (art 12700) som er 48.000kr under budsjett.
42010	MUSIKK OG KULTURSKULE	4 132 249	4 186 823	-54 574	Lønnsutgifter er litt under budsjett og tilskot frå staten er litt over budsjett. Andre driftsutgifter er litt over budsjett. Totalt sett eit mindreforbruk.
43010	SULA BIBLIOTEK	2 396 145	2 395 839	306	Resultat er som budsjettet
45010	FRITIDS KLUBBEN	769 248	803 171	-33 922	Ca på budsjett
45011	OG UNGE	186 026	157 737	28 289	Ca på budsjett
45012	UTEKONTAKTEN	773 765	779 313	-5 548	Ca på budsjett
46010	ANNA KULTUR	2 369 490	2 433 296	-63 806	Nokre postar med meirforbruk, andre postar med mindreforbruk. Samla sett eit mindreforbruk

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	<b>OPPVEKST</b>	<b>303 447 074</b>	<b>300 062 642</b>	<b>3 384 435</b>	<b>Meirforbruk på 3,4 mill. Hovedforklaring er meirforbruk på skulane</b>
	<b>ADMIN. OG FELLESUTG.</b>	<b>18 052 160</b>	<b>15 815 876</b>	<b>2 236 285</b>	<b>Meirforbruk på 2,2 mill</b>
21010	OPPVEKST UTVALET	150 884	150 794	90	Ca som budsjettert
21020	ADMIN. OPPVEKST	1 981 024	2 224 919	-243 894	Mindreforbruket kjem i hovudsak av at opplæring/kurs (som ikkje er dekt av bruk av fond) er under budsjett.
22110	FELLES UNDERV. KONTO	11 368 568	8 944 163	2 424 405	På nokre postar er det brukt meir enn budsjettert, og på andre postar er det brukt mindre enn budsjettert. Mange av desse postane går i stor grad mot kvarandre. F.eks er det brukt meir enn budsjettert på kurs/opplæring (art 11500). Dette er knytt til refusjonar til skulane for lærarar som er på viderutdanning. Dette meirforbruket har sin motpost i refusjonar frå staten (art 17000). Desse postane går altså mot kvarandre. Den posten ein sit igjen med som i hovedsak forklarer meirforbruket er kjøp fra andre kommuner (art 13500). Dette gjeld fakturering frå andre kommuner for undervisning for elevar heimehøyrande i Sula. Her er det utgiftsført 4,5 mill. Budsjettet er 2,3 mill. Her er det altså eig budsjettavvik på 2,2 mill. Utgiftsført på denne posten i 2022 var 3,6 mill.
22120	FELLES SFO KONTO	4 551 684	4 496 000	55 684	Det som er budsjettert på dette ansvaret er ekstra utgifter knytt til ordning om redusert foreldrebetaling i SFO. I 2022 blei det budsjettet med 1,35 mill knytt til gratis SFO for 1. klassingar (12 timer) frå 1. august. I 2023 blei budsjettet auka med ytterlegare 1,68 mill for heilårseffekten av endrinag i 2022. I tillegg blei budsjettet auka med 1,46 mill knytt til gratis SFO for 2. klassingar (12 timer) frå 1. august 2023. For kvar budsjettauke har vi lagt inn tilsvarande beløp som vi før i auka rammetilskot frå staten som kompensasjon for desse ordningane. Vi ser at kompensasjonen treff ganske bra. Vi har utgiftsført litt meir enn budsjett.
	<b>SOLEVÅG SKULE</b>	<b>22 085 045</b>	<b>20 537 485</b>	<b>1 547 560</b>	<b>Meirforbruk på 1,5 mill i 2023. I 2022 var meirforbruket 2,5 mill.</b>
22210	SOLEVÅG SKULE UND.	22 041 562	20 537 485	1 504 077	Budsjettavvik kjem i hovudsak av at lønnsutgiftene er høgare enn budsjettert. Andre driftsutgifter (lærebøker, forbruksmateriell, leirskule osv) er også over budsjett. Det er fleire årsaker til at lønnsutgiftene er høge, blant anna utgifter til elvar med ekstra behov og utgifter til vikarar ved kortitssfråver.
22220	SOLEVÅG SFO	43 483	0	43 483	Budsjettavvik kjem i hovudsak av at SFO-inntektene er lavare enn budsjettert.
	<b>RØRSTADMARKA SKULE</b>	<b>22 296 278</b>	<b>21 190 776</b>	<b>1 105 502</b>	<b>Meirforbruk på 1,1 mill i 2023. I 2022 var meirforbruket 2,6 mill.</b>
22 810	RØRSTADMARKA SKULE	21 649 805	21 190 776	459 029	Budsjettavviket kjem i hovedsak av at andre driftsutgifter (utanom lønn) er høgare enn budsjettert. Posten under andre driftsutgifter som bidrag mest til meirforbruket er art 11701 (Transport). Denne posten er 318.000kr over budsjett. Store deler av dette er knytt til utgifter for farleg skuleveg i Furneset.
22 820	RØRSTADMARKA SFO	646 473	0	646 473	Budsjettavviket kjem av at lønnsutgiftene er 50.000kr over budsjett, andre driftsutgifter (matvarer, forbruksmateriell osv) er 89.000kr over budsjett, og at SFO-inntekter (inkl. søskensemoderasjon) er 507.000kr under budsjett. Det er vanlegvis ein samanheng mellom SFO-inntekter og lønn. Dersom det er ferre barn enn forventa blir SFO-inntektene lavere enn budsjettert. Dette bør i ugangspunktet også føre til reduserte lønnsutgifter. Grunnen til at det likevel har blitt eit meirforbruk på lønn her, er elevar som treng ekstra støtte og tilpassningar gjennom dagen.
	<b>LANGEVÅG SKULE</b>	<b>43 854 796</b>	<b>42 016 410</b>	<b>1 838 387</b>	<b>Meirforbruk på 1,8 mill i 2023. I 2022 var meirforbruket 3 mill</b>
22510	LANGEVÅG SKULE UND.	43 706 179	42 016 410	1 689 770	Budsjettavviket kjem av at lønnsutgiftene er 0,9 mill høgare enn budsjettert, andre driftsutgifter (lærebøker, forbruksmateriell, leirskule osv) er 0,6 mill høgare enn budsjettert, og refusjonar er 0,2 mill lavere enn budsjettert. Det meste av meirforbruket på lønn er knytt til arbeid med flykningar.
22520	LANGEVÅG SFO	148 617	0	148 617	Meirforbruket er i hovedsak knytt til arbeid med flykningar.
22 710	SULA UNGDOMSSKULE	40 961 326	40 836 126	125 200	Totalt sett ca som budsjettert

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
23110	FELLESUTG. BARNEHAGE	806 637	1 052 205	-245 568	Mindreforbruket skuldast i hovedsak at utgiftsført redusert foreldrebetaling (art 14704 rabatt barnehage) er ca 200.000kr lavere enn budsjettet. Det er også budsjettavvik på andre budsjettpostar, men desse går i stor grad mot kvarandre.
	<b>SUNDE BARNEHAGE</b>	<b>7 073 056</b>	<b>7 042 992</b>	<b>30 064</b>	<b>Ca som budsjettet</b>
23120	SUNDE BARNEHAGE	5 867 983	6 154 692	-286 709	Mindreforbruk kjem i hovedsak av at lønnsugifter er lavere enn budsjettet. Det kan forklara med at med at sjukepengerefusjon frå fråver er høyare enn utgifter til vakarbruk knytt til fråveret.
23121	STYRKING SUNDE BH	1 205 073	888 300	316 773	Det som først på styrking er utgifter knytt til barn med nedsatt funksjonsevne som får ekstra oppfølging etter vedtak i barnehagelova § 37. Det er ikke sett inn fleire timer enn vedtaka har gitt rett til, men timeløn m.m er høyare enn budsjettet. Det forklarer meirforbruket.
	<b>MÅSEIDE BARNEHAGE</b>	<b>11 315 376</b>	<b>11 190 969</b>	<b>124 407</b>	<b>Meirforbruk</b>
23130	MÅSEIDE BARNEHAGE	10 750 776	10 861 969	-111 193	Lønnsutgiftene er ca 100.000kr under budsjett medan andre driftsutgifter er ca 100.000kr over budsjett. Desse postane går mot kvarandre. Det er bokført refusjoner som er ca 100.000kr høyare enn budsjettet. Det er hovedsakelig fakturering til Høgskulen i Volda knytt til praksisopplæring.
23131	STYRKING MÅSEIDE BH	564 600	329 000	235 600	Meirforbruk skuldast at mdilar tildelt til styrking ikkje har dekt den reelle lønnskostanden.
	<b>LANGEVÅG BARNEHAGE</b>	<b>17 900 893</b>	<b>17 528 249</b>	<b>372 644</b>	<b>Meirforbruk</b>
23150	LANGEVÅG BARNEHAGE	17 138 577	16 890 849	247 728	Inntektene er ca 490.000kr under budsjett. Dette kjem av at det har vore ledige barnehageplassar. Dette resulterer også lavere lønnsutgifter enn budsjettet, 418.000kr. Desse postane går også i stor grad mot kvarandre. Ei av årsakane til at meirforbruk på lønn er høyare enn mindreforbruk på inntekter er utbetaling av tillegg for alle pedagogane i desember 2023. På andre driftsutgifter (utanom løn) er det eit meirforbruk på ca 200.000kr. Det kjem i hovedsak av meirforbruk på kjøp av matvarer og meirforbruk på inventar og utstyr (i stor grad innkjøp av utstyr til dei tre småvarnsavdelingane)
23151	STYRKING LANGEVÅG BH	762 316	637 400	124 916	Meirforbruk skuldast at mdilar tildelt til styrking ikkje har dekt den reelle lønnskostanden.
	<b>MOLVÆR BARNEHAGE</b>	<b>10 465 570</b>	<b>11 395 441</b>	<b>-929 871</b>	<b>Mindreforbruk</b>
23160	MOLVÆR BARNEHAGE	10 128 845	11 084 641	-955 796	Mindreforbruk kjem i hovedsak av at lønnsutgiftene er 937.000kr lavere enn budsjettet. Årsaken til mindreforbruk er nedgang i barnetal frå august 2023. Bemannning blei tilpassa nedgang i barnetal (blant anna ved at permisjon og naturlig avgang ikkje vart erstatta med nye tilsette)
23161	STYRKING MOLVÆR BH	336 725	310 800	25 925	Ca som budsjettet
23210	PRIVATE BARNEHAGAR	58 277 434	57 476 889	800 545	Budsjettavvik skuldast i hovedsak av at betaling til Ålesund kommune for "Sula-barn" i barnehager i Ålesund blei 1,2 mill over budsjett. Det som dreg ned meirforbruket var at refusjon frå Ålesund kommune for Ålesund-barn i barnehagar i Sula blei 150.000kr over budsjett og et driftstilskot til private barnehagar blei ca 160.000kr under budsjett. Utgifter på dette ansvaret er utfordrande å budsjetttere. Antall barn i private barnehagar varierer. Dette pga ledig kapasitet. Antall barn totalt har dei siste åra lagt på rundt 300-350. Driftstilskot og kapitaltilskot for eit barn (0-2 år) utgjorde i 2023 rundt 260.000kr. Det kan derfor fort bli store budsjettavvik her. Dei siste åra har vi likevel truffe bra med budsjettet.
	<b>VAKSEN OPPLÆRING</b>	<b>2 115 844</b>	<b>2 362 717</b>	<b>-246 872</b>	<b>Mindreforbruk</b>
24010	VAKSEN OPPLÆRING - REHAB/HAB	2 408 655	2 396 099	12 556	Ca som budsjettet
24020	OPPLÆRING INVANDARAR	-295 884	-33 382	-262 501	Fakturering frå Ålesund kommune var ca som budsjettet. Statstilskot var høyare enn budsjettet. Dette forklarer mindreforbruket.
24030	GRUNNSKULE VAKSNE	3 073	0	3 073	Ca som budsjettet

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	TBU	48 242 659	51 616 507	-3 373 848	Mindreforbruk. I hovedsak knytt til barnevern
25100	FELLES TBU	1 222 741	1 290 850	-68 109	Ca som budsjettet
25110	PPT	7 630 029	7 619 579	10 450	Ca som budsjettet
25120	SPESPED. HJELP. BHG	4 501 132	5 346 304	-845 173	Det er både mindreforbruk på lønnsutgifter og andre driftsutgifter. Det har vore vakant stillingsandel, samt tilsett vikar med lavere lønn enn den som den vikarer for. Det er også mindreforbruk innan drift og særlig på grunn av at det er gjennomført lite eksterne kurs/opplæring.
25121	STYRKA BHG.TILBOD	2 713 210	466 150	2 247 060	Meirforbruk kjem av at overføringer til kommunale og private barnehagar knytt til styriking (barnehageloven § 37) er høgare enn budsjettet. Totalt 23 barn hadde vedtak om tilrettelegging i 2023.
25130	HELSESTASJON	9 089 614	9 836 240	-746 625	Mindreforbruk er i hovedsak knytt til lønnsutgifter (sjukepengerefusjon) og mindre ekstern kursverksemde enn budsjettet.
25140	BARNEVERN	23 085 933	27 057 384	-3 971 451	Mindreforbruk skuldast i hovedsak at lønnsutgiftene er lavere enn budsjettet. Det er mindreforbruk på lønnsutgifter på alle teneseområder (funksjon 244 barnevernstenesta, funksjon 251 barnevernstiltak i familien, og barnevernstiltak utanfor familien). På funksjon 244 er det mindreforbruk blandt anna pga vakans i stillingar i deler av året. På funksjon 251 er det mindreforbruk blandt anna pga at det ikke blei leidt inn ekstrahjelp. På funksjon 252 er det mindreforbruk blandt anna pga at fosterheimsgodtjersle og utgifter til fosterheim blei lavere enn estimert. Det var også mindreforbruk på utgifter til støttekontakt og kjøp av tenester frå staten.

## Helse og mestring

Helse og mestring har eit meirforbruk i 2023 på 16,8 mill. kroner. Dersom vi korrigerer for meirinntekt knytt til ressurskrevjande brukerar på 5,1 mill (inntekt bokføres sentralt), samt for meirforbruket på integreringstenesta for flyktningar på 3,8 mill (meirinntekt på integreringstilskot bokføres sentralt) så har Helse og mestring eit meirforbruk i 2023 på ca 8 mill.

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	HELSE OG SOSIAL	338 485 871	321 678 450	16 807 418	Meirforbruk på 8 mill (etter korrigering for meirinntekt knytt til ressurskrevjande brukerar, samt meirutgifter knytt til flyktningstenesta) skuldast i stor grad at lønnsutgiftene, inkludert bruk av vikarbyrå, er høgare enn budsjettet. Deler av meirutgiftene på lønn er knytt til ekstrautgifter i forbindelse med opplæring og innføring av helseplattformen. På helse og mestring er det ført utgifter på 3,4 mill med prosjektkode helseplattformen.
	ADMIN. OG FELLESUTG.	3 816 688	4 553 124	-736 436	Mindreforbruk er i hovedsak knytt til budsjettmidler til helseplattformen som er lagt her, medan utgiftene er ført på andre einingar.
30110	HELSE OG SOSIAL UTVAL	140 555	1 346 190	-1 205 635	Mindreforbruk skuldast i hovedsak reservert avsetning på 1,2 mill knytt til Helseplattformen. Budsjettet blei altså lagt på dette ansvaret, medan utgifter til opplæring og innføring av Helseplattformen blei ført på andre områder. Totalt for Helse og Mestring er det ført utgifter på 3,4 mill med prosjektkode "Helseplattformen" (lønn til prosjektleiar for innføring, utgifter til vikar, ekstrahjelp, overtid o.l.)

ANSV.	NAV	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
30120	ADMN. HELSE OG SOSIAL	2 387 351	1 816 434	570 917	Meirforbruk på dette ansvaret skuldast i hovedsak at lønnsutgifter til prosjektet er bokført her. Må sjåast i samanheng med mindreforbruk på ansvar 30110. På ansvar 30120 har det i tidlegare år ofte vore eit mindreforbruk på rundt 200-300.000kr. I budsjett for tidlegare år blei det lagt eit beløp på art 14900 (Reserverte løvingar) på 300.000kr. Dette til uforutsette utgifter. I budsjett 2022 blei denne posten fjerna. Det meste av den, ca 260.000kr, blei lagt til art 12700 (kjøp av andre tenester). Denne posten ligg der også i budsjett 2023, men det er ikkje utgiftsført noko på denne posten. Dette er med på å dra ned meirforbruket.
30125	TILSKOT VTA-BEDRIFTER	1 394 595	1 390 500	4 095	Som budsjettet. Det som er utgiftsført her er tilskot til Sula Vekst
30130	ALKOHOLOMSETTING - LØYVER OG KONTROLL	-132 698	0	-132 698	Mindreforbruk kjem av inntektsføring av diverse avgifter og gebyrer (art 16220). Inntektene er større enn utgiftene.
30160	FELLESPOST FAGUTVIKLING	26 885	0	26 885	Det som først på dette ansvaret er i all hovudsak inntekter/utgifter som knytta seg til prosjekter. Meir- eller mindreforbruk ved årslutt blir overført/tilført bundet fond slik at prosjekta går regnskapsmessig i null.
	<b>HELSEAVDELINGA</b>	<b>26 530 664</b>	<b>24 916 025</b>	<b>1 614 638</b>	<b>Meirforbruk. I hovesak knytt til meirforbruk på legetenesta</b>
30210	SAMF. MED. OPPGÅVER	906 715	968 960	-62 245	Ca som budsjettet
30220	LEGETENESTA	19 871 592	17 973 800	1 897 792	Lønnsutgifter er høgare enn budsjett. Dette kan til ein viss grad sjåast i samanheng med at refusjonar frå staten er høgare enn budsjettet. Andre driftsutgifter er høgare enn budsjettet. Posten under andre driftsutgifter som i stor grad forklarer meirforbruket er kjøp frå kommuner (art 13500). Denne er budsjettet med 7,1 mill medan regnskap viser 9,2 mill. Her er det altså eit meirforbruk på 2,1 mill. Det som blir bokført på denne posten er fakturering frå Ålesund kommune (legevakt, nødnett, øyeblikkelig hjelp, overgrepsmottak), samt frå Helfo (gjestehusnyggeroppkjør fastlegeordninga)
30250	REHABILITERING	5 752 357	5 973 265	-220 909	Lønnsutgiftene er 73.000kr under budsjett, medan andre driftsutgifter er 125.000kr over budsjett. Desse går altså til ein viss grad mot kvarandre. Det som gjer at det blir mindreforbruk totalt sett er at refusjonar frå staten (Helfo) er 284.000kr høgare enn budsjett.
	<b>NAV</b>	<b>23 367 964</b>	<b>18 859 764</b>	<b>4 508 199</b>	<b>Meirforbruk. Skuldast i hovedsak flytningsituasjonen</b>
30310	NAV KOMMUNE	5 307 472	5 221 431	86 040	Lønnsutgift er 123.000kr under budsjett, andre driftsutgifter er 36.000kr under budsjett
30320	ØK. SOSIALHJELP	2 405 293	1 042 787	1 362 506	Utbetalte økonomisk sosialhjelp er høgare enn budsjettet
30340	KVALIFISERINGS-ORDNINGA	191 360	800 000	-608 640	Det som blir budsjettet og utgiftsført her er stønad med arbeid (art 10890). Denne er 608.000kr under budsjett i 2023
30350	INTEGRERINGSTENESTE FLYKTNINGAR	15 463 839	11 795 546	3 668 293	Det er meirforbruk på både lønnsutgifter og andre driftsutgifter. Meirforbruk forklares i stor grad gjennom ikkje budsjetterte utgifter til busetting av flyktningar (voksenopplæring, introduksjonsstønad, tolk og sosial stønad). Meirutgifter på ansvar 30350 må sjåast i samanheng med at integreringstilskot for flyktningar (bokført sentralt) blei høgare enn budsjettet.

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	SULATUNET	49 771 268	50 154 531	-383 263	Mindreforbruk. Skuldast i hovedsak lavere driftskostnader enn budsjettert, samt at kjøkkenet har hatt høyare inntekter enn budsjettert.
					Mindreforbruk skulast i hovedsak av at lønnsutgiftene er 70.000kr under budsjett og at andre driftsutgifter (utenom lønn) er lavere enn budsjettert. Postene under andre driftsutgifter som bidreg mest til mindreforbruket er annonseutgifter (art 11209) som er 80.000kr under budsjett, kurs/opplæring (art 11500) som er 87.000kr under budsjett, og kjøp frå staten (art 13000) som er 83.000kr under budsjett. Det som utgiftsførast på art 13000 er fakturaer frå Helse Møre og Romsdal knytt til utskrivingsklare pasientar. Totalt kostnadsført på art 13000kr i 2023 var 55.000kr. I 2022 var beløpet 80.000kr
35510	ADM. FELLES OMSORG	3 672 347	3 882 227	-209 880	Ca som budsjettert
35520	FELLES DRIFT SULATUNET	2 773 004	2 790 728	-17 724	
35530	AVD. BUKOLLEKTIV	19 620 522	20 051 368	-430 847	Mindreforbruk kjem at av lønnsutgifter, inkludert utgifter til vikarbyrå (art 12701) er under budsjett.
35540	AVD. KORTTID OG REHAB	21 351 963	20 780 475	571 488	Meirforbruk kjem at av lønnsutgifter, inkludert utgifter til vikarbyrå (art 12701) er over budsjett.
35550	KJØKKEN	2 353 432	2 649 733	-296 300	Inntektene (oppholdsbeløting, art 16000) er 1,2 mill høyare enn budsjettert. Det som dreg ned mindreforbruket er i hovedsak at kjøp av matvarer (art 11150) er 900.000kr over budsjett. Kjøkkenet har hatt auke i inntekter grunna auke i sal til heimebuande.
	HEIMETENESTER	71 817 249	69 448 538	2 368 711	Meirforbruk på 2,4 mill. Skuldast i hovedsak av lønnsutgifter, inkludert utgifter til vikarbyrå er høyare enn budsjettert. Deler av meirforbruket skuldast ekstrautgifter ifbm opplæring/innføring av Helseplattformen (utgifter til vikar, ekstrahjelp, overtid o.l.). For heimetenenesta er det utgiftsført ca 750.000kr med prosjektode for helseplattformen.
35610	FELLES DRIFT HEIMETENESTA	1 755 498	5 264 214	-3 508 716	Grunnen til at det er mindreforbruk her er i hovedsak at ekstra budsjettmidler knytt til ressurskrevjande brukerar blei lagt til dette ansvaret. Mesteparten av dette hører til utgifter på Molværsvegen 11, ansvar 35650. Mindreforbruk på ansvar 35610 må altså sjåast i samanheng med meirforbruk på ansvar 35650.
35620	HEIMETENESTA YTRE DISTRIKT	22 493 718	20 813 147	1 680 571	Meirforbruk kjem av at lønnsutgifter, inkludert utgifter til vikarbyrå (art 12701) er over budsjett.
35630	HEIMETEN. INDRE DISTRIKT	21 378 801	19 640 629	1 738 172	Meirforbruk kjem av at lønnsutgifter, inkludert utgifter til vikarbyrå (art 12701) er over budsjett.
35650	MOLVÆRSVEGEN 11	22 593 678	20 027 927	2 565 751	Meirforbruk kjem av at lønnsutgifter, inkludert utgifter til vikarbyrå (art 12701) er over budsjett. Meirforbruket kjem i stor grad av høge utgifter knytt til ressurskrevjande brukerar. Meirforbruket må sjåast i samanheng med mindreforbruk på ansvar 35610. Ekstra budsjettmidler knytt til ressurskrevjande brukerar blei lagt på ansvar 35610.
35660	PSYKISK HELSETENESTE	3 595 554	3 702 621	-107 067	Ca som budsjettert

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	BUKOLLEKTIVA	47 830 019	45 613 299	2 216 719	Meirutgifter på 2,2 mill. Meirutgiftene kjem i hovedsak av at lønnsugifter er høgare enn budsjettet. Deler av meirforbruket skuldast ekstrautgifter ifbm opplæring/innføring av Helseplattformen (utgifter til vikar, ekstrahjelp, overtid o.l.). For bukollektiva er det utgiftsført ca 400.000kr med prosjektode for helseplattformen.
35710	BUKOLLEKTIV FELLESNR.	1 906 041	2 133 760	-227 720	Mindreforbruk kjem i hovedsak av at lønnsutgifter er lavere enn budsjettet.
35720	MOLVÆRSVEGEN 15-19	27 308 017	25 748 682	1 559 335	Meirforbruk kjem av at lønnsutgifter, inkludert utgifter til vikarbyrå (art 12701) er over budsjett.
35730	SLOGHAUGVEGEN 28	14 198 613	13 166 032	1 032 581	Meirforbruk kjem av at lønnsutgifter, inkludert utgifter til vikarbyrå (art 12701) er over budsjett.
35740	SENIORSENTERET	2 488 335	4 564 825	-2 076 490	Ansveret blei i 2023 delt opp i to ansvar, ansvar 35740 og 35750. Heile budsjettet ligg på ansvar 35740, medan utgiftene ligg på begge ansvara. Ser vi desse to ansvara under ett, så er dei samla sett ca som budsjettet
35750	ERINDRINGSSENTERET	1 929 013	0	1 929 013	Må sjåast i samanheng med mindreforbruk på ansvar 35740
	BU- OG AKT.TENESTA	115 352 019	108 133 169	7 218 850	Meirutgift på 7,2 mill. Meirutgiftene kjem i hovedsak av at lønnsutgifter inkludert bruk av vikarbyrå er høgare enn budsjettet, meirutgifter knytt til opplæring av nytilsette på Jetmundgarden, samt overlappende tenester knytt til enkelte av brukerane. Ekstrautgifter knytt til opplæring/innføring av helseplattformen forklarer deler av meirforbruket på lønn. Det er utgiftsført ca 650.000kr med prosjektode for helseplattformen .
35810	FELLES DRIFT BU - OG AKTIVITETSTENESTA	15 662 453	17 160 207	-1 497 754	Grunnen til at det er mindreforbruk her er i hovedsak at ekstra budsjettmidler knytt til ressurskrevjande brukerar (3 mill) blei lagt til dette ansveret. Dei ekstra utgiftene knytt til dette er derimot i hovedsak bokført på ansvar 35850. Mindreforbruket på ansvar 35810, må altså sjåast i samanheng med meirforbruk på ansvar 35850. Det som dreg ned mindreforbruket på ansvar 35810 er at lønnsugifter er 818.000kr over budsjett og at utgifter til BPA tiltak (utgiftsført på art 13700, kjøp frå private) er 627.000kr over budsjett. Postane under lønn som utgjer det meste av meirforbruket er omsorgsløn (art 10501) som er 493.000kr over budsjett, og avlastning (art 10502) som er 150.000kr over budsjett.
35830	BUA NYMARKVEGEN	31 462 884	27 745 722	3 717 162	Meirforbruk kjem av at lønnsutgifter, inkludert utgifter til vikarbyrå (art 12701) er over budsjett.
35840	BUA GEILNESET 9	8 695 995	16 238 083	-7 542 088	I samband med innføring av helseplattformen blei ansvarsnummer på Geilenset splitta i ansvar 35840 og 35841. Budsjettet blei ikkje splitta før i 2024. Samla er det eit budsjettavvik på 1,4 mill. Det kjem av at lønnsutgifter, inkludert utgifter til vikarbyrå (art 12701) er over budsjett.
35841	BUA GEILNESET 11	8 945 125	0	8 945 125	Må sjåas i samanheng med ansvar 35840
35850	BUA JETMUNDGARDEN	43 625 180	40 434 312	3 190 868	Meirutgifter knytt til opplæring av nytilsette på Jetmundgarden, samt overlappende tenester knytt til enkelte av brukerane. Avtale med ekstern leverndør blei forlenga i ein periode på fire månader. Deler av meirforbruk knytt til ressurskrevjande brukerar må sjåast i samanheng med mindreforbruk på ansvar 35810. Ekstra budsjettmidler knytt til ressurskrevjande brukerar blei lagt dit.
35860	MOLVÆR SENTER	6 960 382	6 554 845	405 537	Budsjettavvik kjem i hovedsak av at inntektene er lavere enn busjettert.

## Samfunn (teknisk sektor)

Samfunn (inkl VAR) har eit meirforbruk i 2023 på 1,1 mill. kroner.

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	SAMFUNN	12 268 051	11 156 660	1 111 391	Enkelte områder har meirforbruk og andre områder har mindreforbruk. Totalt sett går meir- og mindreforbruka i stor grad mot kvarandre. Hovedforklaringa på at det totalt sett er eit meirforbruk er område for kommunal veg der kostnadane er høgare enn budsjettet.
	ADMIN OG FELLESUTG.	1 918 826	2 384 122	-465 295	
51100	FELLESSTYRING TEKNISK	1 538 048	1 608 721	-70 672	Mindreforbruk kjem i hovedsak av at det ikkje er utgiftsført noko på kjøp av tenester (art 12700). Budsjettet med 160.000kr
51110	TEO UTVALET	171 285	200 586	-29 301	Ca på budsjett
51120	KOMMUNALTEKNISK ADMINISTRASJON	209 493	574 815	-365 322	Utgiftene på dette ansvaret blir i all hovedsak fordelt ut til andre ansvar og prosjekter. Mindreforbruket kjem av at fordelte utgifter er høgare enn budsjettet. Mindreforbruk må sjåast i samanheng med meirutgifter på andre ansvar.
51130	UTESTYRKEN	37 592	261 158	-223 566	Utgiftene på dette ansvaret blir i all hovedsak fordelt ut til andre ansvar og prosjekter. Mindreforbruket kjem av at fordelte utgifter er høgare enn budsjettet. Mindreforbruk må sjåast i samanheng med meirutgifter på andre ansvar.
52010	KOMMUNALE VEGAR	6 384 603	4 033 962	2 350 641	Meirforbruket kjem i hovudsak av at kjøp av vedlikehald (art 12301) er 1,9 mill over busjett og at snøbrøyting (art 12302) er 0,5 mill over busjett. Det som blir bokført på "kjøp av vedlikehald" er kantslått, feiebil, service på gatelys og andre driftsutgifter knytt til drift og vedlikehald av kommunale vegar. Meirforbruk er på nivå med 2022. Då var meirforbruket 2,8 mill.
53020	PARK OG GRØNT	2 703 358	2 291 176	412 181	Meirforbruk kjem i hovedsak av at kjøp av eksterne tenester til klipp og stell av park og grøntareal er høgare enn budsjettet.
	EIGEDOM	11 593 606	11 676 899	-83 293	Samla sett er eining for eigedom ca som budsjettet
53010	EIGEDOMSFORVALTING	4 821 356	4 226 003	595 353	Meirforbruk skuldast i hovedsak lønnsutgifter som er høgare enn budsjettet. Meirforbruk på lønn på ansvar 53010 må sjåast i samanheng med mindreforbruk på lønn ført på kommunale bygg (område 531). Der er det eit mindreforbruk på lønn på ca 550.000kr
531	KOMMUNALE BYGG	6 772 250	7 450 896	-678 646	Enkelte postar er under budsjett medan andre postar er over budsjett. Samla sett er det eit mindreforbruk på 678.000kr. Mindreforbruket må sjåast i samanheng med ansvar 53010 som tilhører same eining. Dei største postane som er bidreg til mindreforbruk på kommunale bygg er lønnsutgifter (ca 550.000kr under budsjett), strøm (ca 1,5 mill under budsjett) og husleigeinntekter (ca 870.000kr over budsjett). Dei største postane som er over budsjett er reinhakdstenester (ca 1 mill over budsjett), service- og vedlikehaldsutgifter (ca 1,7 mill over budsjett)
54100	BRANN OG ULYKKESVERN	8 854 666	9 486 300	-631 634	Sula kommune blir fakturert frå Ålesund Brannvesen. Mindreforbruk skuldast i hovedsak at det ikkje har blitt innført vaktordning for utrykningsledere slik det er lagt til grunn i budsjettet.

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	VAR	-22 424 573	-22 528 065	103 492	VAR har eit meirforbruk på 5,5 mill på netto driftsresultat, men når vi inkluderer fondstransaksjoner er VAR ca som budsjettet. Dette skuldast at meirforbruk på drift medfører eit tilsvarende lavere beløp på avsetning til fond. Forklaringa på at driftsresultatet er lavere enn budsjettet er dels at utgiftene er høgare enn budsjettet, og dels at inntektene er lavere enn busjettert.
61110	VASSFORSYNING	6 416 359	6 280 000	136 359	Det som blir rekneskapsført her er fakturering frå Ålesund kommune vedrørende forbruk av vatn. Utgift blei ca som budsjettet.
61120	DISTRIBUSJON AV VATN	-14 006 272	-13 439 698	-566 574	Lønnsutgifter og andre driftsutgifter er ca 300.000kr lavere enn budsjettet. Gebyrinntektene er ca 750.000kr laver enn budsjettet. Det som gjør at det samla sett likevel blir eit mindreforbruk er at avsetning til bundet fond er ca 1 mill lavere enn budsjettet. Mindreforbruk her må sjåast i samanheng med meirforbruk på ansvar 61110
62110	REINSEANLEGG	1 864 009	1 420 869	443 140	Budsjettavvik skuldast i hovedsak meirforbruk at lønnsutgifter er ca 100.000kr over budsjett og at andre driftsutgifter er ca 350.000kr over budsjett. Posten under andre driftsutgifter som i størst grad kan forklare meirforbruket er kjøp av vedlikehald (art 12301). Det som blir utgiftsført her er i hovedsak arbeid knytt til avløpspumpestasjonane. Meirforbruk på ansvar 62110 må sjåast i samanheng med mindreforbruk på ansvar 62120. Begge ansvara er knytt til avløp.
62120	AVLØPSNETT	-16 157 175	-15 612 946	-544 229	Budsjettavvik skuldast i hovedsak: * Lønnsutgifter er 146.000kr under budsjett * Kjøp av vedlikehold (art 12301) er 2.150.000kr over budsjett * Anne forbruksmateriell (art 11209) er 680.000kr over budsjett * Gebyrinntekter er 690.000kr under budsjett * Avsetning til bundne fond er 3,9 mill under budsjett. Det er dette som resulterer i at det samla sett blir eit mindreforbruk på ca 0,5 mill. Mindreforbruket må sjåast i samanheng med meirforbruk på ansvar 62110. Ansvar 62110 er også knytt til avløp. Grunnen til at budsjettavvik på fondsavsetning ikkje blir eit nøyaktig tilsvarende beløp (med motsatt forteikn) som meirforbruk på regnskapspostar bokført på vAR, er at det også er andre postar som inngår i sjølvkostberekinga. Dei største av desse postane er kalkulatoriske avskrivinger og kalkulatoriske rentekostnader. I kommuneregnskapet er rente- og avdragsutgifter utgiftsført på ansvar for innlån
63110	SLAM	-216 403	-71 076	-145 327	Gebyrinntekter er ca som budsjettet. Mindreforbruk kjem at at driftsutgifter er litt lavere enn budsjettet.
64110	INNSAMLING AV AVFALL	-239 770	-1 060 987	821 217	Meirforbruk skuldast i hovedsak at kjøp av tenester var høgare enn budsjettet.
65110	FEIARVESEN	-69 880	-67 526	-2 354	Ca på budsjett
67110	FORUREINING	-15 441	23 299	-38 740	Ca på budsjett
	PLAN, BYGG, GEODATA	3 199 973	3 551 108	-351 135	Mindreforbruk
71010	PLAN OG OPPMÅLING	2 997 226	3 277 165	-279 939	Det er brukt til dels store budsjettavvik på enkelte postar. Postane går i stor grad mot kvarandre slik at det totalt ender ut med eit mindreforbruk på 280.000kr. Dei største budsjettavvika er: * Gebyrinntekter er 1,1 mill laver enn budsjett * Utgift til arbeid med reguleringssplan for Vedde/Holsneset er ca 1 mill under budsjett. På dette prosjektet har det nesten ikkje påløpt utgifter i 2023 * Lønnsutgifter er ca 0,2 mill under budsjett Ei forklaring på dette er at ein person har vorte pensjonist som gav lønnsutgift kun for deler av året, medan lønnsutgift var budsjettet for heile året. For 2024 er budsjett og stilling flytta over til organisasjon og utvikling.
72020	VILTNEMND	5 200	-28 161	33 361	Ca på budsjett
72030	LANDBRUKSKONTORET	197 547	302 104	-104 557	Mindreforbruket skuldast i hovedsak at fakturering frå Ålesund kommune (kostnader for landbrukssamarbeidet) er under bud.

## Inntekter og utgifter i driftsrekneskapen for 2023

Tabellen nedanfor viser driftsinntektene for 2023:

<b>Driftsinntekter</b>	<b>Regnskap</b>	<b>I % av total</b>
Rammetilskudd (inkl inntektsutjavning)	381 997 931	40,5 %
Inntekts- og formuesskatt	283 294 120	30,0 %
Eiendomsskatt	10 745 115	1,1 %
Andre overføringer og tilskudd fra staten	25 746 660	2,7 %
Overføringer og tilskudd fra andre	120 851 391	12,8 %
Brukerbetalinger	31 045 027	3,3 %
Salgs- og leieinntekter	90 149 150	9,6 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>943 829 394</b>	<b>100,0 %</b>

Nedanfor kjem ei forklaring til beløpa i tabellen ovenfor:

### Rammetilskot og skatt (665,3 mill):

Desse inntektene utgjer 70,5% av alle inntekter.

Sula kommune har lave inntekter frå inntekts- og formuesskatt samanlikna med landsgjennomsnittet. I 2023 var gjennomsnittleg skatteinntekt per innbygger på 76,7% av landsgjennomsnittet (78,7% i 2022). Tabell nednafor viser korleis skatteinntekt i prosent av landsgjennomsnittet blir berekna. Tabellen viser også korleis inntektsutjamninga blir berekna:

<b>Skatteinntekt 2023</b>	<b>Sula</b>	<b>Norge</b>	<b>Differanse</b>
Skatteinntekt	283 294 000	210 494 834 000	
Antall innbyggere 01.01.2023	9 636	5 488 984	
<b>Skatt pr innbygger</b>	<b>29 400</b>	<b>38 349</b>	<b>-8 949</b>
Skatt i prosent av landsgjennomsnitt	76,7 %		

<b>Skatt pr innbygger</b>	<b>Sula</b>	<b>90% av Norge</b>	<b>Differanse</b>
Skatt per innbygger	29 400	34 514	-5 114

<b>Inntektsutjevning</b>	<b>Per innbygger</b>	<b>Forklaring</b>
60% av diff frå landsgjennomsnitt	5 369	60% av 8.949kr
35% av diff frå 90% av lands.g.snitt	1 790	35% av 5.114kr
Finansiering av ordninga	-515	
<b>Sum inntektsutjevning pr innbygger</b>	<b>6 644</b>	

<b>Skatteinntekt inkl utjavning per innb.</b>	<b>Sula</b>
Skatteinntekt før inntektsutjevning	29 400
Inntektsutjevning	6 644
<b>Sum skatt per inngygger</b>	<b>36 044</b>
Skatt i prosent av landsgjennomsnitt	94,0 %

Dersom vi hadde hatt skatteinntekter lik landsgjennomsnittet så hadde inntektene vore ca 22 million kr høgare i 2023.

Inntektsutjavninga er ei ordning i inntektssystemet for å utjevne inntektene mellom kommuner som har skatteinntekter over landsgjennomsnittet med kommuner som har skatteinntekter under landsgjennomsnittet. Måten ordninga er bygd opp på gjer at endring i skatteinntekter i Sula kommune i liten grad påverker dei totale inntektene (inkludert skatteutjevning). Dette gjeld spesielt for kommuner som har inntekter som er under 90% av landsgjennomsnittet, slik som Sula kommune. Dersom skatteinntektene i Sula kommune går opp vil inntektsutjavninga gå nesten tilsvarende ned. Det er først når ei kommune er over 90% av landsgjennomsnittet et ei skatteauke får meir enn ei marginal betydning. Dette kan forklarst med eit hypotetisk eksempel:

Dersom det busette seg ein person i Sula kommune med årsinntekt (alminnelig inntekt) på 450 mill kroner, ville inntektsskatt i Sula kommune auke med ca 50 mill kroner (kommunal skattekostnad i 2023 på 10,95%). I dette tilfellet ville skatteinntekt i prosent av landsgjennomsnittet ha auka frå 76,7% til 90%. Inntektsutjamninga ville ha blitt redusert med ca 47,2 mill. Av den samla skatteauka på 50 mill ville vi altså berre ha beholdt ca 2,8 mill (ca 5,5% av skatteauke på 50 mill). Ei kommune som har skatteinntekter på over 90% av landsgjennomsnittet ville til samanlikning ha beholdt 20 mill av auka skatteinntekt på 50 mill (40%).

### **Eigedomskatt (10,7 mill):**

Eigedomsaktt for privat eigedom blei innført i 2020. I 2021 blei det også innført eigedomsskatt på næringseigedom. Skattesatsen er 1 promille. Gjennomsnittleg eigedomsskatt for ein bustad var i 2023 på kroner 2.875. Tabellen nedanfor viser spesifikasjon av eigedomskatten:

Kategori	Antall	Skatt 2023	Skatt 2022	Skatt 2021	Skatt 2020	Kommentar
Bustader. Formuesgrunnlag	3 311	9 578 335	8 973 591	5 843 274	5 593 108	Botnfrådrag fjerna i 2022. Auke i FG
Bustader. Taksert	91	157 291	130 814	117 532	184 115	Ingen store endringer
Fritidsbustad. Taksert	130	25 995	26 519	2 625	4 770	Ingen store endringer
Naust. Taksert	315	33 350	30 953	32 306	65 937	2021: Minste fakt. auka frå 50kr til 300kr
Tomt bustad. Taksert	690	177 345	176 792	175 734	251 017	2021: Minste fakt. auka frå 50kr til 300kr
Næringseigedom	144	772 799	777 446	784 445	0	Innført i 2021
<b>Sum</b>	<b>4 681</b>	<b>10 745 115</b>	<b>10 116 115</b>	<b>6 955 916</b>	<b>6 098 947</b>	

### **Andre overføringer og tilskudd frå staten (25,7 mill):**

Består i hovudsak av flyktningtilskot.

### **Overføringer og tilskudd frå andre (120,9 mill):**

Består i hovudsak av refusjon frå staten knytt til ressurskrevjande brukerar innan helse på 48,7 mill kroner, sjukelønnsrefusjon på 30,4 mill kroner, momskompensasjon på 19,5 mill og refusjonar frå staten på 13 mill kroner.

### **Brukarbetalingar (31 mill):**

Brukarbetalingar innan oppvekst (SFO og barnehage) utgjer 19,6 mill kroner.

Brukarbetalingar innan helse og mestringsutgift utgjer 10,5 mill kroner og brukerbetalingar innan kultur utgjer 1 mill kroner.


## **Salgs- og leigeinntekter (90,1 mill):**

Salgs- og leigeinntekter består i hovudsak av egedomsavgifter (kommunale avgifter) 62,4 mill. kroner og husleige 20,6 mill. kroner.


Tabellen nedanfor viser driftsutgiftene (ekskl avskrivingar) for 2023:

Driftsutgifter	Regnskap	I % av total
Lønn- og sosiale utgifter	582 750 356	65,3 %
Kjøp av varer og tjenester	264 156 784	29,6 %
Overføringer og tilskudd til andre	46 079 752	5,2 %
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>892 986 892</b>	<b>100,0 %</b>

Lønn og sosiale utgifter (pensjon og arbeidsgiveravgift) utgjer den største delen av driftsutgiftene. Under «Overføringer og tilskudd til andre» ligg f.eks tilskot til Sula Sokn, tilskot til Sula Vekst, tilskot til Sula Frivilligentral, tilskot til politiske parti og merverdiavgift (merverdiavgift ligg både som ei driftsutgift og som ei driftsinntekt med like beløp). Alle andre driftsutgifter ligg i posten «Kjøp av varer og tenester».




I 2023 var det ei auke i driftsinntektene på 5,6% samanlikna med 2022. Driftsutgiftene (ekskl. avskriving og netto finansutgifter) hadde ei auke på 10,1% samanlikna med 2022.



Diagrammet viser netto driftsutgifter eksklusiv avskrivingar og utgifter til VAR.

Oppvekst og helse og mestring har til saman 85,2 % av kommunen sine netto driftsutgifter ekskl VAR.

## Resultatutvikling:




Forskjellen mellom brutto driftsresultat og netto driftsresultat er resultat frå finanspostar (renteinntekter, avkastning frå finansielle plasseringar, renteutgifter og avdrag på lån).

Finanspostar (i 1.000 kr)	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Avdragsutgifter	18 129	18 858	23 355	25 894	27 861	30 662	41 475	45 000	45 000	48 000
Renteutgifter	15 368	15 351	14 785	14 438	15 121	18 707	18 894	16 588	23 201	39 692
Renteinnt. og avkastning	-11 640	-6 453	-7 086	-9 235	-3 240	-10 755	-6 670	-11 216	-4 073	-23 219
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>21 857</b>	<b>27 756</b>	<b>31 054</b>	<b>31 097</b>	<b>39 742</b>	<b>38 614</b>	<b>53 699</b>	<b>50 373</b>	<b>64 127</b>	<b>64 474</b>

Avdragsutgifter har auka kraftig i løpet av dei siste 10 åra. Som det framgår av tabellen over så var det ei spesielt stor auke frå 2019 til 2020. Dette skuldast auking i lånemasse men også regelendring knytt til berekning av minimumsavdrag (frå 2020). Renteutgiftene var 16,5 mill høgare i 2023 enn i 2022. God avkastning på finansielle plasseringar i 2023 gjer at netto finansutgifter likevel er ganske lik som i 2022.

Tabellen nedanfor viser utvikling i resultatgrad (netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter). Vedtatt måltal er på 1,5 %.



## Investeringsrekneskap for 2023

<b>Bevilgningsoversikt - invest. etter § 5-5, 1. ledd</b>	<b>Regnskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Differanse</b>
1 Investeringer i varige driftsmidler	100 096 599	91 708 163	8 388 436
2 Tilskudd til andres investeringer	0	0	0
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 638 179	1 500 000	138 179
4 Utlån av egne midler	0	0	0
5 Avdrag på lån	0	0	0
<b>6 Sum investeringsutgifter</b>	<b>101 734 778</b>	<b>91 708 163</b>	<b>8 526 615</b>
7 Kompensasjon for merverdiavgift	9 173 851	6 706 474	2 467 377
8 Tilskudd fra andre	20 147 367	0	20 147 367
9 Salg av varige driftsmidler	3 733 363	0	3 733 363
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	26 217	0	26 217
13 Bruk av lån	67 153 980	85 001 689	-17 847 709
<b>14 Sum investeringsinntekter</b>	<b>100 234 778</b>	<b>91 708 163</b>	<b>8 526 615</b>
15 Videreutlån	22 841 838	15 000 000	7 841 838
16 Bruk av lån til videreutlån	15 000 000	15 000 000	0
17 Avdrag på lån til videreutlån	23 265 467	2 500 000	20 765 467
18 Mottatte avdrag på videreutlån	28 516 331	2 500 000	26 016 331
<b>19 Netto utgifter videreutlån</b>	<b>2 590 973</b>	<b>0</b>	<b>2 590 973</b>
20 Overføring fra drift	0	0	0
21 Avsetninger til bundne investeringsfond		0	0
22 Bruk av bundne investeringsfond	-2 590 973	0	-2 590 973
23 Avsetninger til ubundet investeringsfond	0	0	0
24 Bruk av ubundet investeringsfond	-1 500 000	-1 500 000	0
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0
<b>26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger</b>	<b>-4 090 973</b>	<b>-1 500 000</b>	<b>-2 590 973</b>
27 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	0	0	0

Spesifikasjon av post 1 "Investeringer i varige driftsmidler"

<b>Oppstilling etter § 5-5, 2. ledd</b>	<b>Regnskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Differanse</b>
ORGANISASJON OG UTVIKLING	2 288 227	3 989 892	-1 701 665
KULTUR OG OPPVEKST	0	100 000	-100 000
HELSE OG MESTRING	24 526 027	1 610 444	22 915 583
SAMFUNN EKSL. VAR (TEKNISK SEKTOR)	49 291 763	56 976 274	-7 684 511
VAR (eksklusiv avsetning/bruk av bundet fond)	23 990 582	29 031 553	-5 040 971
<b>SUM</b>	<b>100 096 599</b>	<b>91 708 163</b>	<b>8 388 436</b>

Som det framgår av tabellen ovanfor så er investeringar i varige driftsmidler 8,4 mill. kroner høgare enn budsjettet. Nedanfor kjem ei forklaring til budsjettavvik per sektor.

## Organisasjon og utvikling

Budsjettert investeringsutgift var på 4 mill. kroner. Regnskapsført investeringsutgift blei på 2,3 mill. kroner. Differansen på 1,7 mill. kroner forklarast i hovedsak av følgjande prosjekt:

Prosjekt	Budsjett	Regnskap	Avvik	Kommentar
Avsett til grunnkjøp	1 053 240	0	1 053 240	Ubrukt løyving blir rebudsjettert til 2023
Løyving IKT	2 395 083	1 710 383	684 700	Ubrukt løyving blir rebudsjettert til 2023
<b>SUM</b>	<b>3 448 323</b>	<b>1 710 383</b>	<b>1 737 940</b>	

## Kultur og oppvekst

Budsjettert investeringsutgift var på 100.000kr. Dette gjaldt investering i møblar på Sula ungdomsskule. Kjøp er gjennomført, men pga at utgift blei under 100.000kr er dette bokført i driftsregnskapet.

## Helse og mestring

Budsjettert investeringsutgift var på 1,6 mill. kroner. Regnskapsført investeringsutgift blei på 24,5 mill. kroner. Differansen gjeld i all hovedsak investering i Helseplattformen (eingangslisens og etabelningsutgifter) på til saman 23 mill (inkl MVA). Investeringa er aktivert i balansen og avskrivast over 15 år. Dette vil medføre rente og avdragsutifte dei neste 15 åra. I tillegg betaler vi årlig lisens på Helseplattformen. Investeringsutgift var ikke budsjettert, men driftsutgifter knytt til Helseplattformen er lagt inn i budsjett/økonomiplan (avdrag, renter og lisens)

## Samfunn (ekski VAR)

Budsjettert investeringsutgift var på 57 mill. kroner. Regnskapsført investeringsutgift blei på 49,3 mill. kroner. Differansen på 7,7 mill. kroner forklarast i hovudsak av prosjekta i tabellen nedanfor. Resterande differanse skuldast budsjettavvik på ein rekke andre mindre investeringsprosjekter.

Prosjekt	Budsjett	Regnskap	Avvik	Kommentar
Rørstadmarka skule	5 782 637	4 221 862	1 560 775	Ferdigstilt. 1,6 mill rebudsjettert til 2024
Rørstadmarka sti og gangveg	0	4 415 115	-4 415 115	Meirforbruk på 19,3 mill i perioden 2020-2023
Jetmundgarden	4 240 690	5 811 766	-1 571 076	Ferdigstilt. Prosjekt pågått over fleire år
Strakstiltak Langevåg sentrum	3 983 535	1 877 335	2 106 200	Trinn 1 ferdig. Rebudsjettert til 2024
Sulatunet - skade på lecavegger	500 000	0	500 000	Under planlegging. Rebudsjettert til 2024
Molværsvegen 11, tilbygg	500 000	49 956	450 044	Pågår. Rebudsjettert til 2024
Ombygging Nausthaugen HBO	700 000	77 977	622 023	Gjenstår litt. 500.000kr rebudsejttert til 2023
Kjøp av bustader til flyktningar	20 000 000	16 211 745	3 788 255	Pågår. Rebudsjettert til 2024
Bjørkavågen aust - veg 1	4 000 000	2 495 838	1 504 162	Pågår. Rebudsjettert til 2024
Trafikktryggingstiltak Fortau Furneset	500 000	0	500 000	Ubrukte midler rebudsjettert til 2024
<b>SUM</b>	<b>40 206 862</b>	<b>35 161 594</b>	<b>5 045 268</b>	

## VAR

Budsjettert investeringsutgift var på 29 mill. kroner. Regnskapsført investeringsutgift blei på 24 mill kroner. Differansen på 5 mill. kroner skuldast i hovedsak ubrukt rammeløyve på vatn(avløp).

## Balanserekneskapen

Balanserekneskapen gir ein oversikt over eigedelar, gjeld og eigenkapital.

Lånegjeld	R23	R22	R21	R20	R19	R18	R17	R16
Lånegjeld pr. 31.12 (tusen kroner)	1 254 269	1 262 834	1 199 922	1 081 290	1 009 722	957 466	876 497	795 513
Herav investeringsslån (tusen kroner)	1 185 094	1 207 094	1 152 094	1 047 094	988 569	938 594	858 620	778 645
Herav startlån (tusen kroner)	53 349	55 740	47 828	34 196	21 153	18 872	17 877	16 868
Ubrukte lånemidler (tusen kr)	75 419	94 873	151 843	136 479	70 980	46 879	63 637	66 038
Netto lånegjeld (tusen kr)	1 125 501	1 112 221	1 000 251	910 615	917 589	891 715	794 983	712 607
Total lånegjeld pr. innbygger (kroner)	129 040	131 054	125 686	114 909	108 456	103 275	95 991	88 322
Investeringsgjeld pr. innbygger (kroner)	121 923	125 269	120 676	111 275	106 184	101 240	94 034	86 449
Netto långjeld pr. innbygger (kroner)	115 792	115 424	104 771	96 771	98 559	96 183	87 064	79 117

Sula kommune si samla långjeld i 2023 er på nivå med långjeld i 2022. Netto långjeld (total långjeld fråtrukke startlån og ubrukte lånemidlar) er på 1,1 milliard i 2023. Netto långjeld pr. innbygger er på 115.792 kroner.

	R23	R22	R21	R20	R19	R18	R17	R16
Fond pr. 01.01. (tusen kroner)	234 039	214 685	183 401	169 222	168 456	166 474	165 542	147 470
Fond pr. 31.12. (tusen kroner)	216 317	234 039	214 685	183 401	169 222	168 456	166 474	165 542
<b>Nettobevegelse i året (tusen kroner)</b>	<b>-17 722</b>	<b>19 354</b>	<b>31 284</b>	<b>14 180</b>	<b>766</b>	<b>1 982</b>	<b>932</b>	<b>18 072</b>

Fond pr. 31.12 er inndelt i følgande grupper:

	R23	R22	R21	R20	R19	R18	R17	R16
Dispositionsfond (tusen kroner)	131 794	145 400	125 197	99 357	84 807	83 640	83 490	83 352
Bundne driftsfond (tusen kroner)	17 232	17 256	20 059	14 369	13 068	14 195	13 951	13 310
Ubundne investeringsfond (tusen kroner)	61 912	63 412	68 282	68 656	70 163	70 491	67 760	67 532
Bundne investeringsfond (tusen kroner)	5 380	7 971	1 147	1 019	1 183	131	1 274	1 349
<b>SUM</b>	<b>216 317</b>	<b>234 039</b>	<b>214 685</b>	<b>183 401</b>	<b>169 222</b>	<b>168 456</b>	<b>166 474</b>	<b>165 542</b>

Dispositionsfondet pr 31.12.23 består i hovudsak av overskotsfond på 108,4 mill kroner, risikoreguleringsfond på 7,8 mill kroner og flyktningfond på 15,1 mill kroner.

UTVIKLING I LIKVIDE MIDLER	R23	R22	R21	R20	R19	R18	R17	R16
Bankinnskudd (tusen kroner)	85 942	195 486	243 458	234 174	175 503	165 996	195 497	181 663
Aksjer og andeler (tusen kroner)	126 914	111 916	113 485	105 469	102 536	96 022	95 934	103 684
<b>Sum likvide midler (tusen kroner)</b>	<b>212 856</b>	<b>307 403</b>	<b>356 943</b>	<b>339 643</b>	<b>278 039</b>	<b>262 017</b>	<b>291 431</b>	<b>285 347</b>


Aksjer og andeler består av investeringer i aksje- og obligasjonsfond (95,7 mill) og investeringer i pengemarkedsfond (31,2 mill). Desse investeringane har gitt ei avkastning på 15 mill i 2023. Aksje og obligasjonsfonda har hatt ei prosentvis avkastning på 14,6% medan pengemarkedsfonda har hatt ei prosentvis avkastning på 9,9%.

Likviditetsituasjonen har blitt därlegare i løpet av 2023. Bankinnskudd er 110 mill lavere pr 31.12.23 enn pr 31.12.22. Hovedforklaringane på endring i bankinnskudd fra 2022 til 2023 framgår av tabellen nedanfor. I tabellen har vi tatt utgangspunkt i negativt driftsresultat i 2023. Deretter har vi justert for poster som påvirker likviditet og regnskapsresultat ulikt.

Forklaring på endring i likviditet	Beløp
Negativt resultat	13 600 000
Endring i balanseført premieavvik	55 100 000
Endring i ubrukte lånemidler	19 500 000
Gevinst/avkastning fond	15 000 000
<b>SUM</b>	<b>103 200 000</b>

### Premieavvik:

Utbetalte pensjonspremier i 2023 var ca 55 mill høyare enn regnskapsførte pensjonsutgifter. Pensjonskostnadene i regnskapet beregnes på ein annan måte en pensjonspremien som betales til pensjonsordningen. Det vil normalt vere forskjell mellom desse to størrelsane. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og beregna pensjonskostnad betegnes som premieavvik. I 2023 var premieavviket veldig stort (pga høg reguleringspremie). Balanseført premieavvik må kostnadsføres (eventuelt inntektsføres dersom negativ premieavvik) over dei neste 7 åra. Det er ikkje berre i Sula kommune at pensjonspremien har påverka likviditeten meir enn den har påverka regnskapsmessig resultat. Dette er gjeldande også nasjonalt. Figuren nedanfor er henta frå KS sin presentasjon av regnskapsundersøkelsen for 2023. Den viser at samla pensjonspremie har økt med 39% frå 2022 til 2023. Regnskapsførte pensjonsutgifter i 2023 er derimot på nivå med 2022. Figuren viser at betalt pensjonspremie er ca dobbelt så stor som pensjonskostnad i 2023. For Sula kommune var differansen enda større. Betalt pensjonspremie i 2023 (inkludert arbeidstakers andel) var på 103 mill. Regnskapsført pensjonsutgift var 47 mill. Grunnen til at differansen mellom pensjonspremie og pensjonskostnad er høyare i Sula kommune enn landsgjennomsnittet kjem av at Sula kommune ikkje har brukt av premiefondet.



Akkumulert premieavvik i balansen pr 31.12.23 (inkludert avsatt arbeidsgiveravgift) er på 138 mill.

**Ubrukte lånemidler:**

I investeringsregnskapet har vi regnskapsført eit høgare «bruk av lån» enn nye låneopptak. Dette resulterer i nedgang i ubrukte lånemidler.

**Avkastning:**

Avastning frå fondsplasseringar påverker resultatet positivt, men så lenge dette er urealiserte gevinstar så påverker ikkje avkastning likviditeten.